

**HAKON
DEN GODE**
Kulturformidling

Kyst **SØGE VEKENE** 98

8. AUGUST -
6. SEPTEMBER

Øyanden. Foto: Helge Sundt



17 kystkommunar
inviterer til
den største
kystkulturmønstringa
i Noreg

SpareBank 1 Vest

 **STATOIL**

Bergens  Tidende



Kystsogevekene 1998

I fjor- i 1997 var arbeidet med Kystsogevekene breiddfullt av sitrande spenning.

Ville Kystsoge-ideen fenge og inspirere ?

I år er det pågangsmot og entusiasme som er drivkraft.

Grunnen er gledelig enkel. Mellom 25.000-30.000 menneske møtte fram til mange og varierte opplegg i 1997. Det viser at Kystsogevekene har mange og fine vener, og at næringsliv og kultur er nære og samarbeidande partar.



Alle vi som planlegg og arbeider med å gjere Kystsogevekene til eit einaste stort levande slektstemne, vil så meir enn gjerne sjå deg som ein ivrig og engasjert deltakar. Det gir oss ny inspirasjon, og det er med å styrke Kystsogevekene som ein samlande og fast tradisjon. Så lenge vi alle er med, så vil også alle ha større glede.

Vi kjem att- !

Håkonarspela vil minne oss om vårt eige Vestland for 1000 år sidan. Lag og organisasjonar, kommunar, fylke og næringsliv lagar alliansar som vil vere med å gi deg opningar inn til basis for alt menneskeleg samliv: - Kultur !

Vi tenker mange år fram,- og langt inn i neste 1000-år. Det gjer vi fordi så mange var med i startåret 1997.

Studer programmet- ! Finn ditt eller dine arrangement. Og vi vil gjerne ta imot deg fordi det i røynda er du og alle andre som er dei verkelege Kystsogevekene.

Truleg godt over tusen ihuga planleggjarar, aktørar og andre friviljuge krefter engasjerer seg i denne største kulturdugnaden som har vore i Hordaland.

Vi helsar deg vel møtt !

Kulturformidlinga Håkon den Gode

A handwritten signature in blue ink, which appears to read "Ragnhild Raudel".

prosjektleiar

Nordhordland og Gulen

8.august til 23. august

8. august

- Seim:** Offisiell opning av Kystsogevøkene 1998. Kl. 15.00
Premiere. Håkonarspel: "Håkonarvarde" etter offisiell opning.
- Seim:** Håkonarhelg i Seim. Start kl. 11.00 .Guida historiske vandringar, open kyrkje, open gard, salsutstilling, servering i Strilatun og Vallavik Feriesenter. Salsutstilling av måleri der ein finn bilete frå "Håkonarvarde".

9. august

- Seim:** Framsyning. Håkonarspel: "Håkonarvarde". Kl. 15.00
- Seim:** Håkonarhelg i Seim, start kl. 09.00 . Håkonarmarsjen 1998, historiske vandringar, gudsteneste i Seim kyrkje, salsutstilling av måleri i Strilatun
- Holmeknappen:** Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kl. 14.00 - 15.00

15. august

- Eivindvik/
Flolid:** Premiere. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre i Gula". Kl.15.00 .
Vikingtun og vikingkultur.
- Brekke/Gulen:** Gulatingsdans på Brekkestranda Fjord Hotell
- Austrheim/
Fonnes:** Utstilling av sjø- og fiskereiskapar, demonstrasjon av gamle handverkstradisjonar og mykje meir. Kl. 11.00 -16.00
- Fedje:** Torgdag. Salsboder, aktivitetar og underhaldning.
- Fedje:** Fedje-spelet.

16. august

- Eivindvik/
Flolid:** Framsyning. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre i Gula".
Kl.15.00.Vikingtun og vikingkultur.



18. august

Dingja/Gulen: Dingjadagen. Familiedag med mange aktivitetar.

19. august

Eivindvik: Turmarsj til Svabergfjellet med turleiar.

20. august

Eivindvik: Kveldskonert i Gulen kyrkje.

 **Brekke/Gulen:** Barneteater: "To Kapteinar" med Hordaland Teater på Brekke skule.

21. august

**Byrknes/
Gulen:** Barneteater: "To Kapteinar" med Hordaland Teater på Byrknes skule.

22. august

Brekke/Gulen: Blues/Rock-seminar heile dagen med dans om kvelden.

23. august

Eivindvik: Niels Griis Alstrup Dahl. Kulturhistorisk temavandring i opplysningsmannen sine "fotefar".

**Dalsøyra/
Gulen:** Turmarsj til Brandsdal, Sellevåg og Furenes. Med båt frå Dalsøyra til Vikane.

Furenes/Gulen: Rekebord på Furenes. Kaffi og kaker.

 **Sellevåg/Gulen:** Sellevåg Treskofabrikk. Omvisning og demonstrasjon.

Oppedal/Gulen: Stølstur til Inngardstølen. Gamalt stølsmiljø med servering av spekemat og rømmegraut.

Masfjorden: Bjørn West marsjen. Turmarsj som går frå Little Matrestølen over Kringlebotn til Stordalen. Deltakarane blir køyrde i buss frå Matre til Little Matrestølen i tida frå kl. 07.30 til 10.30.



Andre aktivitetar

- **Fedje:** Fyrsafari til Hellsøy fyr laurdagar og sundagar kl. 12.00 -15.00
- **Lygra** Lyngheivandring med guide kvar dag. Start kl. 11.00 .
Sal av kaffi og lyngheilefsa.
- **Masfjorden/Matre** Bjørn West museet har ope måndag-fredag kl. 11.00 -16.00 ,
laurdag og Søndagkl. 13.00 -16.00 .
- **Holme/Meland** Holmestova-museum. Omvisning med guide, framsyning av
gamel handverkstradisjonar, forteljarkunst og dramatisering av
soga frå staden. 8. og 9.august, 15. og 16.august kl. 14.00 -18.00 .
- **Holme/Meland** Sjøbua-museum. Museum for kysthistorie. Lokale guidar
i Sjøbua desse dagane. 8. og 9.august, 15. og 16.august
kl. 14.00 -18.00 .
- **Holme/Meland** “Krambua” på Holmeknappen. Sal av kunst/husflid frå Vilja.
8. og 9.august, 15. og 16.august kl. 14.00 -18.00 .
- **Holme/Meland** “Holmeknappen Kaikafe”. Open for servering av middag.
8. og 9.august, 15. og 16.august.
- **Manger/Radøy** Bogatunet. Ein “familie” vil bu på tunet, og levandegjera
kvardagen for ein familie på 1850-talet. Frå 24.- 28.august,
kl. 11.00 -18.00 .
- **Sletta/Radøy** Vestnorsk utvandringssenter. Ope kl. 13.00 -18.00 .

Bergen og Omland

22.august til 30. august

22. august

Haakonsvern: Premiere. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre" kl. 15.00 .

Haakonsvern: Open base på Haakonsvern. Kl. 12.00 -14.30

Glesvær/Sund: Opent hus, omvising, kaffiservering i salongen kl. 12.00 .

23. august

 **Haakonsvern:** Framsyning. Håkonarspel: "Håkon Adalsteinfostre" kl. 15.00 .

Haakonsvern: Åpen base på Haakonsvern. Kl. 12.00 -14.30.

Alvøen: Omvisingar i Alvøen Hovedbygning. Kl. 12.00 -16.00 .

Langøy/Fjell: Langøy Kystkultursenter. Salsutstilling av husflidprodukt, demonstrasjon av ulike handverk. Sal av kaffi, vaflar m.m. Kl. 12.00 -17.00

Kl.vik/Sund: Sund kyrkje. Familiegudsteneste kl. 11.00 .

Ovågen/Ø.gar: "Kystsogedag". Dramatisering av historiske hendingar, kapproing, filmframsyning og mykje anna. Kl. 12.00 -17.00 .

26. august

Håkonshella: Bedehusaften i Vassenden bedehus. Kl. 19.00 -21.00 .

28. august

Alvøen: Familiefest i Alvøen, Alvøen Borggård. Kl. 18.00 -21.00 .

Trellevik/Sund: Kystkulturstemne, båtar, segling, familiedag o.a. Kl. 13.00 .

29. august

Loddefjord: Haugatun Kultursenter. Hordaland Teater syner "To kapteinar". Kl. 16.30.

Alvøen: 5 års jubileum for Loddefjord Megakor. Barnas dag. Kl. 13.00 -16.00 .

Langøy/Fjell: Fiskefestival. Fine premiar. Sal av mat og drikke. Kl. 12.00 -17.00 .

Trellevik/Sund: Kystkulturstemne, båtar, segling, familiedag o.a. Kl. 13.00 .

Glesvær/Sund: Åpent hus, omvising, kaffiservering i salongen. Kl. 12.00

30. august

Loddefjord: Haugatun Kultursenter. Hordaland Teater syner "To kapteinar". Kl. 16.30.

- **Loddeffjord:** Haugatun Kultursenter. Hordaland Teater syner "To kapteinar" for barnehagar og skular 25. til 28. august Kl. 10.00 .
- **Stusshamn/Askøy:** Aktivitetshuset Shoddyen er opent. Det vert gjeve innføring om Hans Nilsen Hauge sitt engasjement, utstilling, film og sal av diverse. Sjå nærare annonsering under Kystsøgeveke 98.
- **Herdla/Askøy:** Herdla museum. Museet er eit kultur-, natur og krigshistorisk museum. I utstillinga er det lagt spesiell vekt på primærnæringa, Herdla kyrkje og 2. verdskrigen. Opningstider: Måndag-fredag kl. 10.00 -15.00 , søndag kl. 11.00 -17.00 .
- **Alvøen/Håkonshella:** Omvisningar for 8. klassar på Alvøen og i Håkonshella. Frå mandag 24. august til fredag 28.august kl. 09.00 -14.00 .
- **Straume:** Opning av salsutstilling med Ole Fjeld i Fjell Rådhus fredag 21. august. Utstillinga varer fram til 30.august. Opningstider: Måndag-fredag kl.08.00 -20.00 , laurdag og søndag kl. 13.00 -18.00 .
- **Langøy/Fjell:** Langøy Kystkultursenter. Kulturløype, lokalhistorie, temadagar for 5. klassingar. Måndag 24. til fredag 28.august.
- **Haganes/Fjell:** Roald Tellnes Kunstsamling, Galleri Haganes. Salsutstilling v/"Striletten" fritidsmalarar. Bokkafe, sal av kaffi, vaflar... Kl.13.00 -15.00 .
- **Telavåg/Sund:** Nordsjøfartsmuseet. Ope måndag-fredag kl. 10.30-15.00 , søndag kl. 11.00 -15.00 .
- **Ovågen/Øygarden:** Kystmuseet i Øygarden. Utstillinga "Havets sølv og svarte gull" Ope kvardagar kl. 11.00 -15.00 , sundagar 12.00 -17.00 .

Sunnhordland

29.august til 6. september

29. august

Fitjar: Premiere. Håkonarspel: "Kongen med Gullhjelman". Kl.15.00 .

Fitjar: Aktivitetar for barn og vaksne i sentrum. Kl. 10.00 -13.00

Fitjar: Kystsogearrangement på Fitjar Fjordhotell kl. 20.00 .

Bekkjarvik/

Austevoll: Kabareten "Heks, hamt og havstril" i Hengjo kl. 18.00 -20.00
og 22.00 -24.00 .Veteranbåten "Lojal" kjem inn.

 **Brandasund/**

Bømlo: Torghandel, trekkspelmusikk, tradisjonell kystmat.
Kl. 21.00 fortel Bømloteateret historier og syng viser.

Brandasund/

Bømlo: Naustvika Ullverkstad og Steinsmie. Demonstrasjon og sal
av brukskunst. Kurs i segling med færing, kaffi og lappar.
Kl. 10.00 -17.00 .

Årbakka/Tysnes: Segn og soger frå Sunnhordland. Utstilling om Nordlandsfarten.
Kunstutstilling. Open landhandel, servering.

30. august

Fitjar Framsyning. Håkonarspel: "Kongen med Gullhjelman". Kl. 15.00 .

Kvalvåg/

Austevoll: Gudsteneste. Omvisning, kafe, Nordsjøløypa, torg o.a. kl.11.00 -16.00.

Bekkjarvik/

Austevoll: Friluftsgudsteneste kl. 11.00 . "Lojal" seglar.

 **Lykling/Bømlo:** Gruvevandring i Gullgruvane på Lykling. På vandringa møter ein
rallarar og ser synlege spor etter gravedrifta. Kl. 14.00

Espevær/Bømlo: Espeværsdag. Omvisning i Baadehuset, gamle motorar,
"den hemmelege sjørøvarklubben" osv.

Fitjar: Gudsteneste kl. 11.00 .

Fitjar: Kulturell vandring m/guide kl. 12.30.

Leirvik/Stord: Sunnhordland Folkemuseum. Konsert inne i utstillinga "På reisefot:
Bagasje" ved distriktsmusikarane i Sunnhordland, inspirert av
utstillinga. Kl. 19.00 .

31. august

Fitjar: Utekonserert i parken kl. 19.00 .

1. september

Fitjar: Open skuledag i Håkonarparken med program frå skular/ barnehagar.

Fitjar: Profesjonelt barneteater i Fitjartun kl. 18.00

2. september

Fitjar: Kulturell temakveld i biblioteket kl. 19.00 .

Fitjar: Kunstutstilling med tema frå Håkonarspelet i biblioteket.

Fitjar: Minikurs i dans for ungdom: Gammaldans og Swing (også torsdag).

Leirvik/Stord: Sunnhordland Folkemuseum. "Potetreiser til Bergen", kåseri ved museumsstyrar Tore Lande Moe kl. 19.00 .

3. september

Fitjar: Aktivitetar i sentrum: Hestalaget, robåtar, trekkspel og gammaldansoppvisning m.m.

Fitjar: Drakt og bunadparade i biblioteket kl. 19.00

Fitjar: Næringskonferanse om utvikling av kystsogeveka, kultur og reiseliv på Fitjar Fjordhotell.

4. september

Fitjar: Kulturkveld i gymsalen på Øvrebygda skule kl. 19.00

5. september

Kolbeinshamn/

Austevoll: Familiedag med marknad. Sal av ulike handverksprodukt, utstilling og barneframsyning. Kl. 13.00 -17.00 .

Moster Amfi/

Bømlo: Premiere: Bømloteateret syner jubileumskabareen "For fulle segl". I ei kyst kulturell ramme, fargerike kostymer, song, dans...Kl. 16.00 .

Fitjar: Omvisning og demonstrasjon av skjering av tømmer på Rydlandssago.

Fitjar: Håkonarseilasen

Fitjar: Kulturdugnad. Praktisk arbeid med vern av kulturminne

Sagvåg/Stord: Vervadag på Jenseneset, med bl.a. smeden og skipstømmermannen i arbeid.

Moster Amfi/

Bømlo: Bømloteateret syner jubileumskabareen "For fulle segl". I ei kystkulturell ramme, fargerike kostymar, song, dans. Kl. 16.00 .

Sagvåg/Stord: Friluftsgudsteneste v/kap. Reidar Ådnanes på Vervet.

 Andre
aktivitetar

- **Leirvik/Stord:** Sunnhordland Folkemuseum. Utstillinga "På reise fot: Bagasje". Ope måndag, tysdag, torsdag, fredag kl. 10.00 -15.30. Onsdag og søndag kl.16.00 -19.00 .
- **Bakkasund/ Austevoll:** Landhandel og kystmuseum. Loshytta med utsyn til bl.a. Marsteinen fyr og storhavet.
- **Fitjar:** Salsutstilling i Dalebuo. Åkle, strikkevarer, vovne bunadsforkle. Ope heile veka.
- **Fitjar:** Årskog museum har ope frå søndag 30.august til 6.september.
- **Fitjar:** Presentasjon av og aktivitetar ved lag og organisasjonar kvar dag frå 31.august.
- **Fitjar:** Seglskuta "Seladon" ligg ved kai i sentrum heile veka - ulike aktivitetar om bord.
- **Moster Amfi/Bømlo:** Kyrkjehistorisk senter i tilknytning til amfi. Ope kvar sundag.



Frå steinalder til oljealder

Historia om Austrheim fortel mykje om den utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg. Den som i dag tar turen gjennom kyst-

landskapet, ser mange spor: buplassar frå steinalder og tufter frå vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus frå førre århundre, og ikkje minst oljealderen sine vegar, bru-spenn og høgteknologiske installasjonar. Historia om Austrheim er historia om

korleis mennesket formar og pregar landskapet i sin kamp for å ta i bruk naturressursane, frå steinalder til oljealder. I dag er oljeindustrien viktigast for sysselsetjinga. Folketalet i Austrheim er ca. 2500.



Fonnes. Foto: Østrem



På skuletur til Vardetangen. Norges vestlegaste fastlandspunkt. Foto: Åse Tresvik Låstad

Satsingsområde



Laurdag 15. aug:

Kl. 10.00 -16.00.

Tema: "Det var ein gong ..."

Vi friskar opp att gamle tradisjonar knytt til liv og levemåte i ei kystbygd.

Aktivitetar:

Kva er ei "pøtetrova"? Korleis såg eit ålebruk ut? Klarar "nothundane" av 1998 å gjennomføra eit kast med den gamle landnota? Korleis spleisar ein tau? Kva gjer ein når ein skal klinka ein båt? Dette og meir til kan du få svara på ved å møta på Fønneskaia denne laurdagen.

Det vert utstilling av sjø- og fiskereiskapar frå nausta i området. Fiskarar viser dei gamle handverkstradisjonane. Som avslutning på arrangementet skal ein prøva den gamle landnota og notbåten, leidd av basen i den gamle færingen.

Detaljert program for Kystsogevekene i Austrheim, sjå s. 4



Øya vest i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjær. Folketalet er kring 700.

Fedje er ikkje Costa del Sol og ikkje den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her. Men så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Så tagnar vinden, og så ligg Fedje med alle sine holmar og skjær bada i det store lyset. Og ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet.

Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg. Prat med folket og lat oss læra kvarandre å kjenna. Me har enno tid til å vera menneske mot menneske.



Aktørane i Fedje-spelet på Kræmmerholmen, 1997.

Satsingsområde

Kræmmerholmen

Kræmmerholmen handels- og gjestgjevarstad frå det 17 århundre er ein av dei gamle privilegerte handelsstadene som pengesterke kjøpmenn i Bergen etablerte og dreiv. I 1842 vart ei ny handelslov innført. Denne gjorde slutt på dei gamle privilegia, og handelen på Kræmmerholmen tok slutt i 1880-åra. No er Kræmmerholmen restaurert og rehabilitert etter antikvariske retningslinjer, og framstår både som ein historisk og moderne gjestgjevarstad. I sjøbua er der etablert eit enkelt kystmuseum kalla Fedjesamlingane.

Der kan du gjera deg kjent med det som eingong var på Fedje, - slitet i kvardagen, dramatikken på havet og sosiale tilhøve i glede og sorg. I tida 13.06. - 15.08. er samlingane opne kvar dag kl. 12.00 - 17.00.

15. aug: Torgdag. Salsboder, aktivitetar og underhaldning.

Fedjespelet. Dette spelstykket hadde urframføring i 1997. Spelet er no utvida, og vert også i år framført på uteplassen på Kræmmerholmen. Det viser litt av livet på handelsstaden og av samfunns- og livet på Fedje for 200 år sidan. Fedje teaterlag er aktørar, med Ragnhild Randal som instruktør.

Klokkeslett for dei ymse aktivitetane vert kunngjort seinare.


Hellisøy fyr

Hellisøy fyr ruvar mot horisonten, eit velkjent landemerke der det ligg på ei lita øy i sørvest for Fedjeosen og storhavet.

Hellisøy fyr vart tent i oktober 1855. Det runde støypejernstårnet har ei høgd på 33 meter og ei lyshøgd på 46 meter over havet. I 1954 fekk fyret elektrisk straum frå land. På denne tida vart og drifta lagt om, slik at familien til fyrvaktaren ikkje lenger skulle bu på fyrstasjonen. Fyret vart automatisert i 1989 og frå 1992 har stasjonen vore ubemanna. Under kulturminnestafetten i 1997 vart Hellisøy fyr - som det mest karakteristiske symbolet for Fedje - utpeika som Fedje kommune sitt kulturminne.

4. juni - august:

Fyrsafari til Hellisøy fyr laurdag og søndag kl. 12.00 - 15.00. Atterhald om dårleg ver. Elles etter avtale.



Hellisøy Fyr. Foto: Øyvind Olsnes

For informasjon om overnatting, turforslag, guiding og aktivitetar - ta kontakt med:

Turistinformasjonen på Fedje, "Filialen", tlf. 56 16 43 20.

Ope mandag - laurdag kl. 10.00 - 17.00, søndag kl. 12.00 - 15.00.

Eller: Nordhordland Reiselivslag, turistinformasjon, tlf. 56 35 16 01 fax. 56 35 21 60.

Detaljert program for Kystsogevekene i Fedje, sjå s. 4 og 6



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen kommune – som eit "bruhovud" til Hordaland. Kommunen har ein spennande natur med om lag 1500 øyar, holmar og skjer, og eit fastland med små dalføre

som går på kryss og tvers i landskapet. Dei om lag 2500 fastbuande i kommunen fordeler seg ganske jamt i dei 4 skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes. Spennet er langt frå

dei ytste jomfrueleige og nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen.

Satsingsområde

Håkonarspel

"Håkon Adalsteinfostre i Gula"

Av Johannes Heggland

Musikk:

Jostein Stalheim,

"Håkonsiana" Ketil Hvoslef

Regi:

Anne Gullestad/Otto Homlung

Prosjektleiar:

Ragnhild Randal

Medverkande:

Lasse Lindtner, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kyrre Eikås Ottersen, Silje Skjemstad, Kjersti Wiik og om lag 90 amatørar frå Gulen.

Musikarar:

Manger Musikklag

Kor:

Gulatingskoret



Noreg skal kristnast og bisp Mikjal talar til Gulatinget. Foto: A. Vaage, Avisa Nordh.

Produksjon:

Gulen kommune, Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater, Kulturformidlinga Håkon den Gode.

Stad:

Flolid, Eivindvik

Tid:

Laurdag 15. august kl. 15.00.
søndag 16. august kl. 15.00

Gulatinget sitt vikingtun på Flolid er oppe frå kl. 11.00.

Salsutstilling i Folkebibliotek i Eivindvik. Kunstnaren Jarl Hugo Låstad stiller ut fleire måleri med tema frå "Håkon Adalsteinfostre i Gula".

Billetter får ein kjøpa på Posten:



Niels Griis Alstrup Dahl

– prost og opplysningsmann
kom til Eivindvik i 1804.
Han stod for tankar om eit
skulevesen, helsestell, jordbruk
og ein byggeskikk som fekk
mykje å seie for utviklinga av
den velferda som vart bygdene
til del i dei kommande
hundreåra. Slik har det vorte
– **ig** – gjennom ei kultur-
historisk temavandring
i Dahl sine "fotefar", med
dramatisering, føredrag og
utstillingar – å kunne fortelje
kven denne mannen var og kva
han i si tid gjorde. Dahl-dagen
1998 vert i Eivindvik, under
Kystsogeveka.

Kystsogeveka i Gulen

Under Kystsogeveka i Gulen,
frå 15. til 23. august, kan du få
med deg ei rad spennande
aktivitetar rundt om i heile
kommunen: Sogespel, kultur-
– **istoriske** temavandringar ute
og inne, konsertar, utstillingar,
teater for born og familiehygge
med fiske, bading og nye
kjenningar.

**Detaljert program for
Kystsogevekene i
Gulen, sjå s. 4 og 5**



*To glade Brekke-spelmenn i graset (1910
– Fylkesarkivet – eigar Hans H. Takle).*

Dei to stein- krossane

i Eivindvik og døypefonten av
stein i Gulen kyrkje, alle truleg
frå om lag år 1000, skal vere
av dei finaste tidlege kristne
minnesmerka i landet.

Gulen Fiskarbondemuseum på Byrknesøy

Heilt fram til etterkrigstida var fiske og jordbruk i kombina-
sjon den vanlege levevegen på kysten. Gulen Fiskarbondemuseum
inneheld eit autentisk fiskarbondedbruk frå førre
hundreåret. Anlegget ligg i eit verna område ved Barvågen på
Byrknes, og har ei fin samling gamle gjenstandar. Museet er
nyrestaurent og fekk si offisielle opning 30. mai i år.



Gulen Fiskarbondemuseum, Byrknesøy

Gulatinget på Flolid

No har det vore stille på ting-
vollane ved Gula fjorden i
mange hundre år. Men ei ny
tid er i emning for Gulatinget.
Håkon den Gode har med
"Håkon Adalsteinfostre

i Gula" funne attende, og
Gulatingparken er under
utvikling i eit vakkert og sær-
prega kulturlandskap. Parken
vil kunne markere Gulatinget
langt utom landet sine grenser
– grunntemaet er det same
som for tusen år sidan, men
funksjonen er ny.



Vikingtid og strilekultur

Vikingtid og strilekultur er stikkord når du vil føle Nordhordland på pulsen. Her, i det som i dag er Lindås kommune, var det sentrale midtpunktet i distriktet på Harald Hårfagre sine dager, og slik er det også i dag. Det er i Lindås du finn hotella, regionsenteret og utgangspunktet for mykje av oljeverksemda i Nordsjøen. Det er her du finn Håkonshaugen, der Håkon den Gode i følgje tradisjonen skal vere gravlagt, og bøkeskogen, den nordlegaste i verda.

Salsutstilling i Strilaton i Seim. Kunstnaren Jarl Hugo Låstad stiller ut fleire måleri med tema frå "Håkonarvarde".

**Offisiell opning av
Kystsogevekene 98
er dette året på Seim:
8. august kl. 15.00 .**

Satsingsområde

Håkonarspel

"HÅKONARVARDE" av Johannes Heggland

Musikk: Jostein Stalheim.
"Håkonsiana" Ketil Hvoslef
Regi: Anne Gullestad/Otto Homlung
Prosjektleiar: Ragnhild Randal
Medvirkande: Paul Ottar Haga, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland, Kjersti Wiik om lag 50 amatørar.
Musikk: Eikanger-Bjørsvik Musikklag
Kor: Seim Songkor
Produksjon: Lindås kommune - Stiftinga Håkonshaugen - Hordaland Teater - Kulturformidlinga Håkon den Gode
Stad: Håkonshaugen - Seim
Tid: Premiere 8. august etter offisiell opning av Kystsogevekene
Framsyning 9. august kl. 15.00

Billetter får ein kjøpa på posten:


BILLETTSERVICE
815 33 133



"Håkonarvarde" – Seim. Foto Arne Årsæth

Lyngheisenteret

Guiding i kulturlandskapet på Lygra. Utstilling om Lyngheisenteret i ei gamal grindverkslø. Lyngheivandring med guide kvar dag. Sal av kaffi og lynheilefsa. Gudssteneste, kveldsgudsteneste på Lygra.



Lygra, mai 96. Foto Steiner Ekkeren

Håkonarhelg i Seim

Laurdag 8. aug:

Mange ulike tilbod for dei besøkande på Seim under spelet. Start kl. 11.00 med guida historiske vandringer:

- Bøkeskogen, som var eit merke alt på dei tider Håkon den Gode oppretta leidangsordninga som eit forsvar for kyststripa.
- "Kåken" i Thorsheimsskogen som er ei bortgøymt heimefront-hytte bygd i 1944.
- Håkonshaugen der du får høyra bl.a. om leirkrukka på Reinemyra, det gamle klyngjetunet, kongsgarden og Tora Mostrastong.

Open kyrkje med orgelmusikk: Seim sokneråd inviterer

Open gard: Seim bondekvinne- lag og Seim bondelag.
Salsutstilling: Husflidprodukt

og oljemåleri. Servering: Middag og kaffi i Strilaton og Vallevik Feriesenter.

Søndag 9. aug:

Start kl. 09.00. Buss frå parkeringsplassen v/Seim skule til Fosse i Alversund. Håkonarmarsjen 1998. Historisk marsj langs ruta kong Håkon den Gode vart førd frå Laberget i Alversund til Kongshaugen på Seim.

Gudsteneste i Seim kyrkje. Etter gudstenesta inviterer Seim sokneråd til open kyrkje med orgelmusikk.

Historiske vandringer som laurdag

For informasjon om overnatting, turforslag og guiding, ta kontakt med: Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjon tlf. 56 35 16 01, fax. 56 35 21 60.



Håkonarhelg på Seim. Foto: Arne Årseth

Detaljert program for Kystsogevøkene i Lindås, sjå s. 4 og 8

Masfjorden

NORDHORDLAND



Djupe dalar, ville fjell

Masfjordnaturen er vekslende. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjell-landskapet tusen meter over havet - der dei første tunne armene av Haugsdalselva hentar vatn ut av snøfonnene. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i eit avgjymd sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går seg lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane, vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet. Det bur ca. 1.900 menneske i kommunen.



Haugsvær - G nr 47 i Masfjorden. Foto Gunnar Svein Haugsvær

Satsingsområde

Bjørn West museet i Matre

Bjørn West-museet ligg i Matre, innarst i Masfjorden ved E 39, ca. 90 km nord for Bergen. Museet har namnet sitt etter ein geriljabase som blei etablert i fjellområdet rundt Matre dei siste seks månadene av den 2. verds-krigen. I dei allierte sine planar skulle basen operera som reserve bak dei tyske linjene i tilfelle alliert invasjon. Historia om Bjørn West er dramatisk, interessant og spennande norsk krigs-

historie, som det er musei si oppgave å ta vare på og midla til nye generasjonar. Museet har eit biletspel norsk, engelsk og tysk tal

Tlf. 56 36 63 00 /

56 36 73 11 / 56 36 62 39

Haugsvær-dagane:

15. august:

Haugsværbygda i helg og yrkje. Festsamkome, utst av eldre bruksting m.m.

16. august:

Gudsteneste i Solheim kyrkje



Frå Bjørn West marsjen. Kringlebots-
vannet, og delar av Klavfjellet der dei
siste kampene mellom tyskarane og
Bjørn West stod.

Bjørn West- marsjen:

Kvart år sidan 1982, ein søndag i august, vert det arrangert Bjørn West-marsj. Marsjen går frå Little-Matre-stølen, over Kringlebotn til Stordalen, der det vert lagt ned krans på minnesteinen over dei som fall. I dei siste krigsveke var det mange trefningar mellom Bjørn West styrkane og tyskarane i Stordalen, Kringlebotn og ved Little Matrestølen. I kampene miste 6 nordmenn og fleire tyskarar livet. Det er sett opp skilt på alle stader der norske fall i 1945. Dei siste åra har det vore nær 1.000 deltakarar på marsjen.

23. august:

Turmarsj som går frå Little Matrestølen over Kringlebotn til Stordalen.

Omvising på Bjørn West-museet av veteranar.

I tida frå kl. 7.30 til 10.30: Deltakarane vert køyrde i buss frå Matre til Little Matrestølen.

Kl. 16.30: Minnestund i Stordalen ved støtta over dei falne i 1945.

Fjon fjellkyrkje:

Fjellkyrkja ligg like ved vegen til Haugsdal. Kjem du nordover frå Bergen, køyrer du av E 39 straks før du kjem til Masfjord-tunnelen.

29. juli kl. 19.00

Olsokgudsteneste.

Etter gudstenesta vert det servert mat m.m.

**Detaljert program for Kystsogeveke i
Masfjorden, sjå s. 5 og 6**



Porten til Nordhordland

Meland kommune er inngangsdøra til Nordhordland. Ein populær stad for dei som vil få seg ny bustad. Det har vore ei

omfattande husbygging dei siste 10-15 åra. Frødige Holsnøy, største øya i kommunen, har tett i tett med idyllar og historiske perler som minner om den gong då sjøen var ferdselsveg. Også Flatøy er

ei naturperle i Nordhordland. Herifrå kan du gå til Håøy populær stad for strandhopp og dei som kjem sjøvegen.

Satsingsområde

Holmeområdet

Holmeområdet var frå gammalt eit aktivt landbruksområde, der utmarka var ein viktig del av gardsdrifta. Dette kan ein sjå av hustufter og noverande bygningar. Sveitserhuset som er under restaurering vil vise ei tosidig historie, både som gardshuset på Holme før utskiftinga og som feriebusstad for fagforeininga Bergen Jern og Metall. Holmeknappen var i eldre tid ein sentral plass der det var meieridrift, post, butikk, bakeri, bøkkerverkstad og saltebu. Kystsogeveke 98 vil fokusere på livet i Holmestova, sjøbruksmiljøet og bøkkerhandverket i Sjøbua. På hovuddagane vil vi freista å få fram



Frå Holmestova.

soga om plassen Holme gjennom forteljarkunst og dramatisering.

Holmestova - museum

Holmestova er ei leinstove frå 1551, og er ein av dei eldste bygningane i Nordhordland.

**8. – 9. august, og
15. – 16. august:**

Kl. 14.00 - 18.00 :

Det vil vera guide i Holmestova desse dagane. Framsyning gamle handverkstradisjon


Forteljarkunst / dramatisering av soga frå staden.

Sjøbua - museum

Sjøbua frå 17.00 -talet har vore tilhaldsstad både for bøkker-
bråkstad, saltebu, butikk og skjenkestove.

**8. og 9. august,
15. og 16. august:**

Kl. 14.00 -18.00 :
Museum for kysthistorie.
Lokale guidar i Sjøbua desse dagane.



Sokneprest Helge Hitland saman med "ro-karane" Arnt Brakstad, Agnar Sagstad, Leif Johnsen og Knut Sagstad.

**8. og 9. august,
15. og 16. august:**

"Holmeknappen kaikafe" vil vera open for servering av middag ved sida av vanleg kafesal.

Utanom desse dagane vil kafeen vera open for matsal

kvar søndag frå 1. mai og ut sumarmånadane. Bestilling elles i veka på tlf. 56 17 60 77.

9. august:

Kl. 14.00 -15.00 :
Friluftsgudsteneste på Holmeknappen.

**8. og 9. august,
15. og 16. august:**

Kl. 14.00 -18.00 :
"KRAMBUA" til Anne Johnsen på Holmeknappen. Sal av kunst / husflid frå "Vilja". Krambua vil vera tilgjengeleg i sumarhalvåret kvar søndag frå kl. 14.00 -18.00 .

Kontakt Anne Johnsen for besøk utanom desse tidene på tlf. 56 17 70 29.



Gudsteneste på Holmeknappen i samband med Kystsogevekene i september 1997.

Detaljert program for Kystsogevekene i Moland, sjå s. 6



Fiskelykke. Foto Jostein Vågenes

Den grønne øya

Tilnavnet "Den grønne øya" viser til den vakre og frodige naturen i kommunen. Radøy kommune ligg sentralt i Nordhordland, 40 km nord for Bergen. Arealet er 110 km² og folketallet om lag 4500. Kommunen er eit eldorado for friluftinteresserte. Her kan du

spasera på stiar tvers over øya. Du kan fiska i innlandsvatn på dei mange gode fiskeplassane i sjøen. Rhododendronhagen til Olav Tjøre med sine 300 ulike rhododendron-arter og like mange trær og buskar er også vel vitende eit besøk. Sesong april til oktober.

Satsingsområde

Bogatunet

Bogatunet er eit gardstun frå 1600-talet, i eit historisk kystlandskap og sjøbruksmiljø. Det er bevart i sitt opphavlege miljø. Det samanbygde huset inneheld dei fire delane: Eldhus, røykstove, bu med loft og glasstove. Glasstova er yngst og er frå byrjinga av 1800-talet. Loftet over bua vart bygd kring 1735. Det vart rive i 1905, seinare vart det rekonstruert. Tidlegare var det svalar kring huset, desse er borte. Huset viser trekk frå den mellomalderlege byggeskikken i det nordatlantiske kulturområde. Det er svært få slike bygningar bevart i kyststroka i Vest-Noreg.



Ein "familie" på Bogatunet 1997.

Frå 24. til 28. august

vil ein "familie" bu på tunet, og levandegjera kvardagen for ein familie på 1850-talet på Strilalandet. Det vert servert tradisjonsrik mat. Ope frå kl. 11.00 - 18.00. Elles er det ope kvar søndag i juli og august frå 14.00 - 19.00, utover dette etter avtale med:


Radøy kommune v/Rune Rydland eller Berit Kvalvik tlf. 56 37 32 45.

Vestnorsk utvandrings- senter

• Bjørn Ystebø, som stammar
• Sletta, tok initiativ til å
skipa Vestnorsk utvandrings-
senter på Radøy. Med i
planane var å flytta ei kyrkje,
bygd av norske utvandrarar,
frå Nord-Dakota til Radøy.
Kyrkja er no ført opp på
Sletta. I tillegg har Utvandrar-
arkivet v/Jahn Sjørson, flytta
frå Hordamuseet til Sletta.
Arkivet inngår som ein del av
Vestnorsk utvandringssenter.
I Kystsøge-vekene vil guidar
fortelja historia om kyrkja
som er flytta frå Nord-Dakota
i USA til Sletta på Radøy.

Ope 1. juni til 1. september
13.00 - 18.00

Elles etter avtale med
Vestnorsk utvandrings-
senter tlf. 56 37 20 00.



Urvandrar kyrkja på Sletta

• For informasjon om
• overnatting, turforslag
• og guiding,
• ta kontakt med

*Nordhordland Reiselivslag,
Turistinformasjon
tlf. 56 35 16 01
fax: 56 35 21 60*

• **Detaljert program for Kystsøgevekene i Radøy,
• sjå s. 6**



Strusshamn Foto: Erling Virkesdal

Satsingsområde

Strusshamn

Strusshamn er ein gamal kyrkje-, gjestgjevar-, industri- og administrasjonsstad for Askøy kommune, som fram til 1918 også omfatta Loddefjord og Laksevåg. Eitt av dei sjeldne strandhusmiljøa, med hus frå 1700-talet, finn ein her. Strusshamn var også karantenehamn for skip som kom frå hamner med pest. I 1804 kjøpte Hans Nilsen Hauge Strusshamn for å byggje ei kommmølle. Dette var starten til ein industri som vart avløyst av sjoddyproduksjon

frå 1910 og til produksjon av dyner, puter og båtar i dag. Nokre av lokala, som no vert kalla Aktivitetshuset Shoddyen, er ominnreidd av lag og foreiningar til museum, husflid og diverse andre kulturaktivitetar. I nokre av strandhusa driv Askøy Brukskunstlag diverse aktivitetar.

I samband med Kystsogevkene 98 vert Aktivitetshuset Shoddyen ope og i samarbeid med lag og foreiningar vert det gjeve ei innføring om Hans Nilsen Hauge sitt engasjement, både industrielt og religiøst. Utstilling, film og sal av diverse.

Med sine 19000 innbyggjarar er Askøy den folkerikaste kommunen i Hordaland etter Bergen. Avstanden frå Bergen sentrum til kommunesenteret Kleppstø er ca. 15 km. Avstanden frå Kleppstø i sør til den nordlegaste delen av kommunen, Herdla, er 30 km.

Sjå nærare annonsering under Kystsogevkene 98

Turen frå Bergen til Strusshamn tek ca. 15 minuttar i privatbil. Bussane til Vest-Trafikk går frå Buss-stasjon via Olav Kyrresgate, i Bergen og til Kleppstø/ Strusshamn

Kontaktpersonar: Solfriid i Askøy kulturkontor
Tlf. 56 15 84 70
faks: 56 15 83 95

Herdla

Herdla øy er kjend både frå folkevandringstida og vikingtida. Kyrkjestad frå 1000-talet. Herdla blir rekna som den rikaste fuglelokaliteten i Hordaland med eit par hundre registrerte fugleartar. Frå eit observasjonstårn vil interesserte kunne oppleve noko av fuglelivet her. På Herdla er den største garden

i Hordaland med ca. 250 storfe og ein årleg mjølkeproduksjon på ca. 400 000 liter. I samband med frigjøringsjubileet i 1995 vart Herdla museum opna. Museet er eit kultur, natur og krigshistorisk museum med ting som viser glimt frå Herdla si mangearta historie frå istida og til vår tid. I utstillinga er det lagt spesiell vekt på primærnæringa, Herdla kyrkje og 2. verdskrigen då tyske

okkupantar let byggje flyplass her og alle som budde på Herdla måtte flytte.

Opningstider i museet:
1.5. - 1.10: Måndag til
fredag kl. 10.00 - 15.00 .
søndag kl. 11.00 - 17.00 .

*Sjå nærare annonsering
under Kystsogevekene 98.*




Foto: Bård Kjersem

Detaljert program for Kystsogevekene i Askøy, sjå s. 8



Loddefjord er den vestre bydelen i Bergen, og har ca. 22.000 innbyggjarar. Bydelen er omkransa av Kvarven og Lyderhorn i aust, Byfjorden i nord, Hjeltefjorden i vest og Raunefjorden i sør.



Håkon Adalsteinfostre og Tora Mostrastrom. Foto: Oddmund Lunde, Dagbladet.

Satsingsområde

Haakonsvern

Vestlandets sjøforsvarsdistrikt.

Håkonarspel "Håkon Adalsteinfostre" av Johannes Heggland

Musikk:

ved Knut Vaage,
"Håkonsiana" Ketil Hvoslef

Regi:

Anne Gullestad/Otto Homlung.

Prosjektleder:

Ragnhild Randal

Medvirkande:

m.a. Lasse Lindtner, Agnete G. Haaland, Stein Arild Espeland,

Kjersti Wiik og ca. 50 amatørar.

Musikarar:

Alvøens Musikkforening

Produksjon:

Bergen kommune ved Loddefjord kulturkontor, Hordaland Teater og Vestlandets sjøforsvarsdistrikt, Kulturformidlinga Håkon den Gode.

Tid:

Årspremiere laurdag 22. aug. 1998 kl. 15.00 Framsyning søndag 23. august 1998 kl. 15.00

Billettar får ein kjøpa på Posten:



I forkant av spelet vil Haakonsvern orlogsstasjon arrangere "Åpen dag" for spelpublikum frå kl. 12.00 - 14.30.

Program

- Ved Kystvaktkaiaen vil det verta høve til å gå om for omvising i "Shetlandsbussen" K. HITRA, og i eit moderne kystvaktfartøy.
- Ved skolesenteret K. Tordenskjold vil det verta høve til å sjå korleis ein moderne luftvernssimulator vert brukt.
- Ved brannstasjonen vil barna få prøve seg som brannmenn.
- Militerpolitiet vil i samarbeid med Laksevål lensmannskontor og tere om trafikkssikkerhet.
- Frå spelplassen vil det vere høve til å kjøre med buss rundt heil basen og guida vil det vere høve til å sjå verksemda Haakonsvern. Undersøking vil det verte høve til å sjå korte besøk om bo undervannsbåt, mi ryddar, fregatt og torpedobåt, der of om bord vil orientert fartøya.



Fotoavdelingen KNM TORDENSKJOLD

Alvøen

Alvøen Hovedbygning er open kvar søndag frå mai til september kl. 12.00 – 16.00. Kafé.

For omvising utanom opningstidene kan ein kontakte Vestlandske Kunstindustrimuseum Tlf. 55 32 51 08. Omvising for 8. klassar i Alvøen Hovedbygning mandag 24.08. – fredag 28.08. kl. 09.00 -14.00.

Fredag 28.08:

kl. 18.00 -21.00 vert det arrangert Familiefest i Borggården i Alvøen. Små og store er hjarteleg velkomne.

Laurdag 29.08:

vert det stor 5 års jubileumsfest for Loddefjord Megakor og Barnas dag, i Alvøen-parken. Kystsogeprisen for Loddefjord bydel vil også verte utdelt der.

Hordaland Teater syner "To kapteinar". Frå 25. - 30. aug.

Håkonshella

Stor utstilling i Samfunnshuset i Håkonshella. Utstillinga vert open både for 8. klassar og publikum mandag-fredag frå kl. 09.00 – 14.00.

Onsdag 26.08:

kl. 19.00 – 21.00 vert det også i år arrangert gamaldags bedehuskveld i Vassenden bedehus.



Foto Liv Ludvigsen

Detaljert program for Kystsogevekene i Bergen, sjå s. 7 og 8



Lyng ved sjøen

Satsingsområde

Langøy Kystkultur- senter – Gamal Handelsstad

Ein restaurert handelsstad som ligg på vestsida av Sotra der det var både post, bakeri og småbruk. Landhandelen vart avvikla i 1973.

Kontakt: Fjell Oppvekstetat,
kultur, tlf.: 56 32 64 84 /
56 32 64 80.

Søndag 23. aug:

kl. 12.00 - 17.00 :
Salsutstilling av husflid-
produkt, demonstrasjon av
ulike handverk. Sal av kaffi,



Langøy Kystkultursenter

vaflar m.m. Arr. Sotra
Husflidslag og Fjell Kystlag

Måndag 24.- fredag 28.aug:

Kulturløype, lokalhistorie,
temadagar for
5. klassingane.

15 minutt frå Fisketorget
Bergen i retning vest - lig
kommune. Strategisk plan
på Litle og Store Sotra, t
nær Bergen og Nordsjøen
om lag 17.200 innbyggje
Dette er ein vekstkomm
næringsliv og folk trivst
holmar og skjer.

Laurdag 29. au

Kl. 12.00 - 17.00
Fiskefestival. Fine p
Sal av mat og drikk
Arr. Sotra Sportsfis

Fjell Rådhus

Fredag 21. aug:

Opning av salsutstilling med
Ole Fjeld.

Søndag - fredag

kl. 08.00 -20.00 , laurdag og

søndag kl. 13.00 -18.00 .

Utstillinga varer fram til

30.august.

Roald Tellnes Kunstsamling, Galleri Haganes

Søndag 23. og 30 aug:

Ope kl. 13.00 -15.00 ,

salsutstilling v/"Striletten"

fritidsmalarar. Bokkafe, med

sa og kaffi, vaflar.

**Detaljert program for
Kystsogevekene i Fjell,
sjå s. 7 og 8**



Anne Heimvik ved vevstolen i Giertsen-nauset på Ågones



Sund kommune ligg lengst sør på Sotra – ein god halvtimes biltur frå Bergen.

Dei fleste av dei vel 5000 innbyggjarane har busett seg nær sjøen rundt i heile kommunen.

Her er sjø og hav, øyar og holmar ein del av fritids-tilbodet.

Historisk sett har sjøen vore svært viktig for levevegane i Sund kommune. Ein del kultur-

minnesamlingar som er o for publikum kan vera me og formidla dette inntrykk. Kan hende du får lyst å vi oss – og få vita mer. Velkomen skal du vera.

Satsingsområde

Telavåg – Nordsjøfartsmuseet

Nordsjøfartsmuseet er eit heilt nytt museum med praktfull utsikt over Telavåg. Museet tar i første rekkje for seg flyktninge og agenttrafikken over nordsjøen under krigen (Shetlands-Larsen), og Telavågtragedien, då tyskarane sprengde og brende kvart einaste hus som gjengjelding for det motstandsarbeidet som føregjekk i bygda.

Billettprisar:

Vaksne kr. 30,-


Over 10 stk. kr. 25,-

Born 7-10 år kr. 15,-

Under 7 år gratis

Etter stengetid:

kr.300,- + inngangsbillett.



Telavåg

Sund kyrkje

Kyrkja har alltid vore seglingsmerke ved innseglinga til Bergen. Nye Sund kyrkje visest godt frå sjøen, der ho liknar på eit fyrtårn. Når vi er komne inn langs den hellelagde vegen, som går frå porten til alteret – møter vi den oppstandne Kristus i glasmaleriet. Vi får lyst til å bli verande der inne. Vi kjenner oss omslutta. Kyrkja er ein møtestad menneske imellom og mellom menneske og Gud.



Sund kyrkje 18.mai 1997.

Søndag 23. aug:

Familiegudsteneste i Sund kyrkje kl. 11.00 .

Familiegudsteneste i Kau kyrkje kl. 11.00

Handelsstaden Glesvær

Vart etablert av bergensaren Abraham Wessel på slutten av 16.00-talet. Abraham Wessel som var bestefar til Tordenskjold, hadde privilegium frå kongen til å driva handel her ute ved havet og bygde seg opp til å eiga store eigedomar i Sund kommune.

Laurdag 22. august

Kl. 12.00 :

Åpent hus, omvisning,
kaffiservering i salongen.

Laurdag 29. august

Kl. 12.00 :

Åpent hus, omvisning,
kaffiservering i salongen.

Trellevik

Trellevik representerer eit autentisk sjøbruksmiljø i Trellevik på Tofterøy i Sund kommune. Det er faktisk einaste staden i region vest der det offentlege eig og driv eit komplett sjøbruksanlegg. I området rundt kan ein oppleve eit kulturlandskap med eng, åker, gråsteinsmurar og bygningar slik det var, og vitnar såleis om levesettet yst på Vestlandskysten.



Glesvær



Trellevik.

Til Trellevik kjem ein med buss - Vest Trafikk - frå Bergen, eller med eigen bil - parkering ved Tofterøy skule.

Laurdag 29. aug:

Kl. 13.00 : Kystkultur-
stemne, båtar, segling,
familiedag på Trellevik o.a.

Søndag 30. aug:

Kl. 13.00 : Kystkultur-
stemne, båtar, segling,
familiedag på Trellevik o.a.

**Detaljert program for
Kystsogevøkene i Sund,
sjå s. 7 og 8**



Eit eventyr mellom fjord og fjell

Få kommunar kan syne til like stort mangfald av energikjelder. Øygarden har ei rik kulturhistorie - men og ei rivande industriutvikling, særleg innan olje og gass. Gode høve for nyetableringar i Kollsnes næringspark. Fantastisk natur der ein finn alt frå det barske, karrige til det frodige, lune. Øygarden er eit ypparleg reise-mål - anten ein er interessert i fiske, natur/ kulturoppleving, eller industrietablering.

Satsingsområde

Kystmuseet i Øygarden

Eit økomuseum som ligg ved det idylliske naust-miljøet i Ovågen. Museet har ei fast utstilling kalla: "Havets sølv og svarte gull", som tek for seg Øygarden si natur- og ressurs-soge gjennom 10 000 år. I tillegg har museet sjøhus og tre naust med fiskeri-båttutstilling, ein triveleg kafe med ein lun uteplass og eit



"Tjeldstø ein dag i mai" Foto: Bjørg Christophersen

auditorium der ein kan sjå filmar frå Øygarden.

Opningstider for 1998:

1. Sumarsesong frå 1. mai til og med 31. august. Opningstider: Kvardagar kl. 11.00 - 15.00 eller etter avtale. Sundagar kl. 12.00 - 17.00. Laurdagar stengt.
2. Haustsesong frå 1. september til og med 31. september. Opningstider:

Kvardagar ope etter avtale. Sundagar kl. 12.00 - 17.00. Laurdagar stengt.
3. Vintersesong frå 1. oktober til og med 30. april. Ope etter avtale. Utleige og andre aktivitetar mellom anna skular, barnehagar og lag.

For evt. Informasjon
Kystmuseet
tlf / faks. 56 38 78 32

“Kystsogedag”

på Kystmuseet i Øygarden
søndag 23. august.

Program:

12.00 - 17.00 .

Dramatisering av Egil
Skallagrimsson si vitjing

i Øygarden på 900-talet.
Demonstrasjon av gammalt
handverk og reparasjon av
reiskapar.

Kapproing på vågen med
tradisjonelle båtar frå
Øygarden. Basar, leikar og

konkurransar for born og
vaksne. Sal av tradisjonsmat,
kaféen er open.

Konsert med lokale krefter.
Filmframsyning.

Sjå annonsar for meir
utførleg program.



Ovdagen ved Kystmuseet. Foto: Bjørg Christophersen

Detaljert program for Kystsogevøkene i Øygarden, sjå s. 7 og 8



Langt ute i vest, der landet møter sjøve storhavet, ligg Austevoll. Eit lokalsamfunn basert på fiske og fiskeoppdrett med til saman 667 store og små øyar. Her er det 4300 innbyggjarar fordelt på 10 øyar. Austevoll er i dag

ein av dei leiande fiskeri-kommunane i verda og ein av dei aller største oppdrettskommunane i landet. Mellom Selbjørn og Stolmen er verdas lengste fritt-fram-bru under arbeid (hovudspenn 301 m. opning desember -98)

Satsingsområde

Bakkasund

Bakkasund på Storekalsøy lengst nordvest i Austevoll lange tradisjonar for hande fiske, losing og småbruk. I er eit rikt miljø med kyst-museum og landhandel me småbåthamn. På Storekalsø er kolera-kyrkjegard, loshy kapell og naturleg amfi på Skansen mot storhavet.

Landhandelen og kyst-museet held ope kvar dag. Loshytta vert opna etter avtale. Frå denne kan du n sjå Marsteinen fyr og hav. vert høve til busstur med c visar til Storekalsøy kapel loshytta, kolera-kyrkjegard Skansen. Delar av Nordsjø-løypa går over Storekalsø -informasjon om løypedel er utarbeidd.

Kontakt: Unn Kalve på tlf. 56 18 31 90 / 56 18 31



Brugdebåten "Bregdo" under fulle segl. Kopi av brugdebåt frå 1790.

Kolbeinshamn

Kolbeinshamn ligg på nord-austre sida av Huftarøy i Austevoll. Eit smalt sund fører inn til ein gamal handelsstad med særpreg og sjarm. I dag er Kolbeinshamn ei godt utbygd gjestehamn med gjestebrygger, landhandel og kafe.

Laurdag 5. sept:

Kl. 13.00 -17.00 : Familiedag med marknad. Sal av ulike handverksprodukt, utstilling der temaet er frå gamal tid, barneframsyning kl. 16.00 .

Kontakt: Peder Kolbeinshavn på tlf. 56 18 04 54 / 56 18 44 63.

Kvalvåg

Kvalvåg på øya Stolmen, lengst sørvest i Austevoll, er ein gamal og tradisjonsrik handelsstad. Her er stor bygningssmasse med m.a. tre-lastlager frå 1890-åra på nære 2.000 m², brennevinsbu frå 1700-talet, bustadhus frå 1830-åra og naust under restaurering. Her er eit flott kaianlegg. Her er stor løebygning frå 1892 og andre uthus. Her er gammal kyrkjegard og kyrkje. Møkster kyrkje frå 1892. På Stolmen er restar etter steinalderbuplassar og krigsminnesmerke, store naustmiljø, vakre murar, kulturlandskap m.m.

Søndag 30. august:

Kl. 11.00 - 16.00 :

Gudsteneste, omvising i

Kvalvåg, kafe, gå Nordsjøløypa. Det vert og høve til å kjøpa ulike produkt laga av lokalbefolkninga som skipar til torg.

Kontakt: Olav P. Årland på telefon 56 18 50 80.

**Detaljert program
for Kystsogeveke i
Austevoll, sjå s. 9 og 11**



Bekkjarvik torg ligg idyllisk til saman med det tradisjonsrike Bekkjarkvart Gjestgiveri. Her er også ei framtidig gjestehamn.

Bekkjarvik

Bekkjarvik på Selbjørn har lange tradisjonar som hamn, handel- og gjestgjevarstad. I fyrste halvta av hundreåret var Bekkjarkvart ein viktig industristad med stor tønnefabrikk og sildesalteri. Staden er i dag ein viktig base for fiskeri. Her er gjestgiveri i drift, butikksenter, bibliotek, skule- og kulturbygg, idrettshane, kyrkje frå 1898 og mange eldre og moderne bygningar i svært god stand. Staden er i dag eit spennande reisemål.

Laurdag 28. august:

Kabareten "Heks, Hamp og havstril" i Hengjo kl. 18.00 - 20.00 og 22.00 - 24.00 .
"Lojal" kjem inn.

Søndag 30. august:

Friluftsgudsteneste kl. 11.00 .
"Lojal" seglar.

Kontakt: Karl Olav Kalvenes på telefon 55 58 69 15 / 56 18 43 63.

Inge Halstensen på telefon 56 18 40 00.





Bømlo er eit øyrike med Nord-sjøen som næraste nabo i vest. Kommunen omfattar vel 1000 øyar med eit samla areal på 247 km², og har 10500 innbyggjarar. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. Også i dag set skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og verksemdar knytte til det maritime miljøet preg på næringslivet.



Brandasund

Satsingsområde

Brandasund

Gamal handel- og gjestgjevarstad frå 1600-1700 talet

Aktivitetar:

Laurdag 29. aug.:

I det gamle tunet vert det arrangert torghandel. Trekkspelmusikk. Fabrikkloftet er ope frå kl.12.00 -01.00 : Bømlo Kystlag serverer tradisjonell kystmat fram til kl.21.00 .

Kl. 21.00 : Bømloteateret v/Johan Kr. Nesse og Kjell Olav Skaret fortel historier og syng viser. Resten av kvelden svingar me oss til trekkspelmusikk.

Naustvika Ullverkstad og Steinsmie

Demonstrasjon og sal av brukskunst kl.10.00 -17.00 . Gamle handverkstradisjonar vert demonstrert: Toving, karding og spinning. Kurs i segling med færing. Kaffi og lappar.

Gullgruvene på Lykling

Ola Olsen Lykling heitte ein liten gut, som medan han gjette sauer i utmarka fann det fyrste gullet på Lykling. Tjue år seinare fann ein gull i "Stor-haugen Grube". Dette utløyste eit "gullrush" utan sidestykke i Noreg.

Aktivitetar:

Søndag 30.08. gruvevandring kl. 14.00 . På vandringa, ser tek om lag 2 timar, møter d rallarar med sine rallarviser ser synlege spor av gruvedr i den særprege naturen. Bli på spanande gruvevandring og opplev historia om gullfeber, fattigdom, klasseskil og harde arbeidstilhøve.



Frå Bømloteateret sitt oppsett: "Gullgravere"

Espevær

Espevær er eit "fiskevær" yttarst i Bømlafjorden med lune hagar godt skjerna frå storhavet. Espevær er mellom anna kjent for grønnsleibrotet på Hespriholmen (4 – 5000 f.kr.), Baadehuset frå "vårsildfisketida", Hummarparken, UFO-ringen og kabelferja.

Aktivitetar:

Søndag 30. august:

Espeværssdag.

Omvising i Baadehuset

kl. 11.00 – 13.30 og

kl. 15.00 – 18.00, der ein møter

personar frå lokalhistoria,

og får servert hellebakst.

Demonstrasjon av gamle

motorar ved Johs. Mæhles

mek. Verkstad. I Hummar-

parken vert det omvising

kl. 11.00 – 17.00, laksegrilling

frå kl. 12.00.

På Biekronå vert det servert

mat frå gamle dagar.

Ope kl. 11.00 – 21.00.

"Den hemmelege sjørøvar-

kl. 11.00 – 12.00, startar

kl. 13.30.

**Detaljert program for
Kystsogeveke på
Bømlo, sjå s. 9 - 11**



Espevær. Foto: Anders Stavland

Moster Amfi

Kyrkjarahistorisk senter i tilknytting til den finaste ute-scena i Nord-Europa og arena for årlege Mostraspel i mai/ juni. Senteret er ope dagleg for omvising 21.06. – 16.08. Vår/haust ope søndagar.

Aktivitetar:

BØMLOTEATERET

– 25 ÅR.

Teateret inviterer til jubileumskabareen "For fulle segl" i Moster Amfi. I ei kystkulturell ramme, med fargerike kostyme, song, dans og fengjande musikk, vert du dregen med, frå fjørsteinane her heime til Rio de Janeiro.

Regi: Ragnhild Randal

Laurdag 5. sept:

Kl. 16.00 : Premiere



Bømloteateret

Søndag 6. sept:

Kl. 16.00 : Framsyning

Billetsal/info: Sunnhordland

Guideteneste, tlf. 53 42 02 11.

Reiseinformasjon: Kontakt

HSD Turistinformasjon:

53 42 15 33

Arrangementsinformasjon for
Kystsogeveka:

Brandasund 53 42 95 10,

Gullgruver 53 42 02 11,

Espevær 53 42 45 66



Fiskelykke i Fitjar

Samlingsområde

Håkonarspelet "Kongen med Gullhjelm"

av Johannes Heggland

Musikk:

Knut Vaage,

"Håkonsiana" Ketil Hvoslef

Regi:

Anne Gullestad/Otto Homlung

Prosjektleder:

Ragnhild Randal

Medverkande:

bl.a. Lasse Lindtner, Agnete G.
Haaland, Stein Arild Espeland,
Tove Linge Haaland
og ca. 50 amatørar

Musikarar:

Sagvåg Musikklag

Kor:

Osternes Mannskor m.fl.

er eit idyllisk øyrike om lag midt mellom Bergen og Haugesund. Ein variert natur gir høve til rike naturopplevingar til fjells, til skogs og ikkje minst til sjøs. Blant øyar, holmar og skjer finn vi gamle handelsstader og gardstun, som

frå gamalt av og fram til i dag har fungert som samlingsstader for fastbuande og sjøfarande. Fleire av dei gamle handelsstadene er framleis i drift.



Gjævt folk på vitjing i Fitjar. Foto: Stein Erik Gilje

Produksjon:

Fitjar kommune, Hordaland
Teater, Kulturformidlinga
Håkon den Gode

Stad:

Håkonarparken i Fitjar

Tid:

Laurdag 29. og søndag
30. august kl. 15.00

*Billetter får ein kjøpa på
Posten:*



Smedholmen

er ei lita øy i Fitjarøyane, der Einar Matre og Terje Skorpen driv Smedholmen kyst- og naturlivsskule. Siste året fekk dei Fitjar kommune sin kulturpris for arbeidet med å halda i hevd gamle tradisjonar. Flaggskipet er seglkutteren "Seladon" frå 1937, ei skute som er sertifisert for 35 personar og har overnattingsplassar om bord. Bl.a. skreddarsyr dei turar for bedrifter, lag, skular og andre grupper.

Smedholmen kyst- og naturlivsskule, 5419 Fitjar
Tlf. 53 49 74 32
Mobil: 945 06 980
Privat: 53 49 78 03
og 53 49 93 08



SK «Seladon» for fulle segl.



Biskop Hagesæther og frue vert rodde inn til gudsteneste i Fitjar

Færøysund

er ein gammal handels- og gjestgjevarstad som var i drift frå ca. 1630 til 1965. Fleire av bygningane har vorte restaurerte dei seinare åra, og dei er no i bruk som bueiningar for turistar.

Harald Johan Sandvik,
5419 Fitjar,
Tlf. (og faks): 53 49 73 54.

Detaljert program for Kystsogevekene i Fitjar, sjå s. 9-11



“Eit Noreg i miniatyr”

fordi naturen er så variert. På Stord finn du nakent kystlandskap, store høg fjellsområde,

lun skjergard og skogkledde lier. Leirvik er regionsenteret for Sunnhordland. Ved sida av alt denne koselege småbyen kan gi av service, kan du rundt heile øya finna fram til lune,

rolege vikar. Det er korte avstandar til turistattraksjonane i distriktet, og god samferdsle til dei nærliggjande byane Bergen, Haugesund og Stavanger.

Satsingsområde

Sunnhordland Folkemuseum

Sunnhordland Folkemuseum er distriktmuseum i Hordaland med kontor og samlingsbygg på Leirvik, Stord. Museet har fleire bygdetun. På Leirvik har vi faste utstillingar frå jordbruk, skogbruk, sjøbruk og førhistorisk tid, dessutan viser vi ei tekstilsamling og kunstnaren Torleif Agdestein si skulptursamling. Friluftsmuseet på Leirvik omfattar landbruksbygningar, to røykstover, ei lemstove, ein skule, ei krambu og ei strandsitjarstove.

Aktivitetar:

Temaustillinga 1998 har tittelen “PÅ REISEFOT: BAGASJE”, der du m.a. får sjå eit venterom rundt 1930, ein karjolskyss, ei sjømannsutrusting, ei stølsferd, eit heimafylgje og ei amerikareise.



Ein sommartur i Svartorskogen er som ei vandring i ein tropisk regnskog

Søndag 30.08. kl. 19.00:

Konsert inne i utstillinga “PÅ REISEFOT: BAGASJE” ved distriktsmusikarane i Sunnhordland, inspirert av utstillinga.

Onsdag og søndag
kl. 16.00 - 19.00 .
Laurdag kl. 10.00 - 13.00 .

Postboks 51, 5400 Stord,
tlf. 53 41 38 99.

Onsdag 02.09. kl. 19.00:

i Museumshallen: “Potetreiser til Bergen”, kåseri ved museumsstyrar Tore Lande Moe.

Opningstider 4. mai -
31. august 1998:

Måndag, tysdag, torsdag,
fredag kl. 10.00 - 15.30.



Bryllaup ved museet - 8. klassar lagar rollespel.

Sagvåg - Jensaneset

Det har vore sagt at i Sunnhordland har det vore bygd båtar i mest kvar ei vik og på eit nes. Det er vel litt overdrive, men i Sagvåg høver utsegna godt. Her låg byggeplassane tett i tett; Jensaneset, Breiavikjo, Vervatåno, Holmen, Skjeparvik, Eriksøyro og Tjøregrovneset. Der det var plass til å strekkja ein kjøl, der gjorde dei det. Nokre var i drift berre

ein kort periode, andre i eit par mannsaldrar, medan det største, Ottesen Skibsbyggjeri på Jensanes bygde båtar i nærare 150 år. Otte Ottesen starta med båtbygging på Jensanes i 1825. Ottesen Skibsbyggjeri bygde båtar til langt inn i 1950-åra, og selskapet eksisterer den dag i dag. No vert verven leigd ut til Sagvåg Båtservice som reparerer båtar og sel motorar og båtutstyr.

Området er godt bevart, og bygningane står i dag om lag

slik dei gjorde på 1920-talet. Svært mykje av verktøyet og maskinane eksisterer framleis. Fleire av dei over 20 bygningane er restaurerte, mellom anna oppgangssaga. Smia er også om lag slik i dag som den var på 1920-talet.

Sagvågen kystlag, har vore heldig og fått leiga eit av husa på verven, der ein har samla fleire gamle robåtar og ein 32 fots gavlabåt.

Laurdag 5. september:

Vervadag på Jensanes.

Søndag 6. september:

Friluftsgudsteneste v/kap.
Reidar Ådnanes på Vervet.

**Detaljert program
for Kystsovevøkene
i Stord, sjå s. 9-11**



Carsten Hillestad sagar eikeplank på den nyrestaurerte oppgangssaga.



Bautastein ved jernaldergrav på Årbakka. Foto: Thorbjørn Kaland

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka - blankskura sva-berg mot vest, fjell og furuskog over midten og "hardanger-landskap" med stupbratte fjelsider på austsida. Mellom desse ytterpunkta finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750 meter.

Satsingsområde

Årbakka

På Årbakka finn du både Årbakkavollen og Årbakka Handelsstad. På vollen er eit to tusen år gammalt gravområde med restar etter ei mengd gravrøyser og minst 5 bautasteinar. Mykje har vorte øydelagt opp gjennom historia, men området er likevel eit av dei mest interessante i Hordaland. Ut mot sjøen ligg den gamle handelsstaden som vart bygd for nøyaktig hundre år sidan. Sjøbua er i dag utstillingslokale for Kunstlaget Njardarlog, Smio har Tysnes Kystlag sine



Årbakka. Foto: Thorbjørn Kaland

utstillingar, og i Handelsbua står landhandelen slik den var i tidlegare tider. Mellom vollen og handelsstaden ligg Mafis Urtehage med 175 urter – mest krydderurter, men og nokre medisinske og fargeplantar.

Årbakka er eit åpent og fint område, både for dei små som vil klatre på knausane og for dei vaksne som berre vil nyte eit flott utsyn over fjorden austover mot fjella i Kvinnerad.

Årbakkaområdet og husa er opne frå 6. juni med skiftande utstillingar og arrangement, m.a. med urtedagar, hundre års jubileumsfeiring, Tysnes Bondt, og historiske kåseri. Den vanlege sesongen sluttar 15. august.

Laurdag 29. august:

Segn og soger frå Sunnhordland. To skodespelarar frå Tea Teatret syner eit stykke bygt på lokale overleveringar.

Utstilling om Nordlandsfarten. Båtbyggjarar og Jekteskipperar frå Tysnes var sentrale i denne handelen med fisk mellom

Bergensområdet og Nord-Norge, som fann stad i perioden frå om lag 1840 til om lag 1910. Kunstutstilling, open Land-handel, servering.

*Nærare opplysningar hos:
Kulturkontoret, Tysnes
kommune, tlf. 53 43 22 22.*



Årbakka, urtehagen. Foto: Thorbjørn Kaland

Detaljert program for Kystsogevekene på Tysnes, sjå s. 9

Håkonarspela 1998



«Håkon Adalsteinfostre»: «Seidkona Huld og valkyrjane»
av Jarl Hugo Låstad

Seim:

Håkonarvarde

Eivindvik/Flolid:

Håkon Adalsteinfostre
i Gula

Haakonsvern:

Håkon Adalsteinfostre

Fitjar:

Kongen med Gullhjelman

**Fire spel om sagakongen
Håkon den Gode sitt liv knytt til
Vestlandet**

Av Johannes Heggland

Musikk: Knut Vaage, Jostein Stalheim.
"Håkonsiana" Ketil Hvoslef.

Regi: Anne Gullestad/Otto Homlung

Prosjektleiari: Ragnhild Randal

Profesjonelle skodespelarar/songarar:

Lasse Lindtner, Paul-Ottar Haga, Agnete G.
Haaland, Stein Arild Espeland, Kjersti Wiik,
Kyrre Eikås Ottersen, Silje Skjemstad.

Spela er gjort mogleg gjennom samarbeid mellom
Kulturformidlinga Håkon den Gode og
Hordaland Teater, Sogn og Fjordane Teater,
Hordaland Fylkeskommune-kulturavdelinga og
kommunane Lindås, Gulen, Bergen og Fitjar,
saman med fleire hundre aktørar frå lokalmiljøa.


Hordaland Teater er ansvarleg for all profesjonell
medverknad.

Kystsogeutstillar Jarl-Hugo Låstad:

I samband med Håkonarspela vil kunstmålaren Jarl-Hugo Låstad
halda salsutstilling på alle fire spelplassane. Kunstnaren har
fleire måleri med tema frå Håkonarspela.



«Håkon Adalsteinfostre»: «Sorg»
Jarl-Hugo Låstad.



Kulturformidlinga Håkon den Gode

Styret:

Trygve Fitje,
Hordaland og Bergen Reiselivsråd, leiar

Vilgerd Storset Husa, Regionrådet
for Nordhordland og Gulen

Hans Berge, Regionrådet for
Bergen og Omland

Odd Bondevik,
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Aasmund Mjeldheim, Hordaland
fylkeskommune, Kulturseksjonen

Albrig Sangolt, varamedlem
Espen Selvik, konsultativt medlem
Jørn Oftedal, konsultativt medlem

Prosjektleiar:

Ragnhild Randal

Prosjektassistent:

Nina Randal

Administrasjon:

5430 Bremnes

Tlf.: 53 42 46 64

53 42 92 98

Fax.: 53 42 92 98

Kontor Bergen:

Tlf.: 55 91 53 63

55 91 60 20

Fax.: 55 91 59 45

**Opning av
Kystsogevekene
1999:
7. august på
Flolid/Eivindvik**

